

Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3744-1

Resolusjon oversendt frå pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Vedtaket vert formulert i møte til fylkesrådet for eldre

Vedlegg:

Velferdsteknologi

Kronikken: «livskvalitet for eldre – ei samansett oppgåve»

Endring i landposttenesta

SAKSFRAMSTILLING

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane vedtok seks resolusjonar på årsmøte sitt, og har vidaresendt tre av resolusjonane til fylkesrådet, for at fylkesrådet skal ta tak i problemstillingane og arbeide vidare med dei.

Dei tre resolusjonane omfattar fylgjande tema:

- Velferdsteknologi løyser ikkje dei menneskelege behova innan omsorg. Teknologiske hjelpemiddel skal setje hjelparane i stand til å bruke meir tid på personleg kontakt med dei som treng hjelp.
- Livskvalitet for eldre – ei samansett oppgåve. Tilrettelegging for nærleik og høve til å vere saman med partnaren sin.
- Endring i landposttenesta. Ynskje om at Posten går tilbake til den tidlegare ordninga med utlevering av pakkar same dag som sendinga kjem.